



EID KOMMUNE

ORDFØRAREN

Politidirektoratet
Postboks 8051, dep

0031 OSLO

Vår ref.
13/1305-4/K2-X30//ABJ

Dykkar ref.

Dato:
23.09.2013

ETT POLITI - RUSTET TIL Å MØTE FRAMTIDAS UTFORDRINGAR – HØYRINGSSVAR FRÅ EID KOMMUNE

Eid kommune gir høyringsuttale til NOU 2013:9 «Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer».

Vår uttale omhandlar tre tema: Politidistriktsstruktur, lensmannskontorstruktur og nokre overordna betraktningar om det vi opplever som ein alvorleg mangel på samanheng og koordinering av statleg reformarbeid.

Vi er oppteken av at politiet skal gi best mogeleg tenester til innbyggjarane både lokalt for eigne innbyggjarar og for innbyggjarane i heile fylket. For oss handlar det om eit politi som er nær innbyggjarane – i organisering så vel som i arbeidet.

A. Politidistriktsstruktur

Utvalet føreslår å redusere talet på politidistrikt frå 27 til 6. Sogn og Fjordane blir del av eit stort vestlandsdistrikt; Hordaland politidistrikt, Rogaland politidistrikt og Haugaland og Sunnhordland politidistrikt. Motivasjonen for ei slik samanslåing ligg i ønskje om å etablere robuste fagmiljø. Ein argumentasjon vi kjenner igjen frå andre statlege organisasjonsprosessar. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) legg opp til det same i framlegget sitt om omorganisering av 110-sentralane. Vi er ikkje overtydde om at desse endringane vil gi effekten de er ute etter.

Sogn og Fjordane politidistrikt er det femte minste i landet med omsyn til tilsette (178). Dette er det meininga å slå saman med Rogaland (727) som er det tredje største og Hordaland det nest største (933). Vi opplever at Sogn og Fjordane politidistrikt leverer gode tenester til

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00

Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no
Heimeside:
<http://www.eid.kommune.no>

innbyggerane i fylket vårt. Oppklaringsprosenten på brotsverk er 52, noko som er blant dei høgaste i landet. I Rogaland ligg den på 36 % og i Hordaland 34 %. I Sogn og Fjordane tek det i snitt 91 dagar å ferdighandsame straffesaker. I Rogaland 137 og i Hordaland 131 dagar. Når det gjeld sakshandsaming av prioriterte valdssaker bruker vårt politidistrikt 79 dagar. I Rogaland 107 og Hordaland 106 dagar. Dette er døme på viktige tenester som innbyggerane i Sogn og Fjordane kan oppleve vil ta lengre tid i ein ny modell. Ut frå døma ovanfor ser ikkje vi logikken og koplinga som syner at robuste og større fagmiljø gir betre tenester enn det til dømes Sogn og Fjordane politidistrikt gir i dag. I ein ny og større struktur vil leinga truleg sette inn ressursar der det er størst behov for det; dei store sentra og byane på Vestlandet. I ei slik prioritering fryktar vi at innbyggerane i Sogn og Fjordane vil få ei dårlegare tenestetilbod.

Den same tilnærminga har vi til analysen sine føringar om å frigi kapasitet frå administrasjon til vanleg politiarbeid. Vi forstår det slik at Sogn og Fjordane politidistrikt har 5,7 administrative årsverk pr 100 tilsette. I Hordaland er dette forholdstalet 9. Det leier oss til spørsmålet om ikkje mindre politidistrikt eigentleg leverer det analysen søker.

Vi vil også vise til uttalen frå Sogn og Fjordane politidistrikt datert 9. september i år. Politimeisteren er inne på vesentlege punkt som vi ønskjer å støtte.

«Sogn og Fjordane politidistrikt har gjennom fleire år levert gode resultat for befolkninga på dei område vi vert målte på. Gjennomgåande har vi fått gode tilbakemeldingar på dei tilsyn som er gjennomførte og gjennomgåande løyser vi dei operative utfordringane anten det er politiaksjonar eller redningsteneste. Det har vi gjort på tross av ein vanskelig ressursituasjon (som gjeld alle politidistrikt), på tross av ein lokal struktur med mange små lensmannskontor og på tross av at vi er et lite politidistrikt med utfordringar i å utvikle og vedlikehalde kompetanse på en del spesialområde. Det siste vil vi komme tilbake til under avsnitt 3.2.1, men vi vil allereie no nemne at vår hovudutfordring ligg i å utvikle og vedlikehalde spesialkompetanse på ein del fagområde. Særleg på litt smale fagområde knytt til spesiallovgevinga. Vi meiner på tross av dette at vi er i stand til å møte dei utfordringane som er i Sogn og Fjordane innan beredskap og straffesakshandsaming. Vi er eit lite politidistrikt som skal skape tryggleik for befolkninga i Sogn og Fjordane med den risiko og dei utfordringar som folk møter her. Det er ikkje tunge argument med vår historie som tilseier at det skal gjerst endringar i politidistriktsstrukturen. Uavhengig av årsak til ei strukturendring er vi heller ikkje overtydde om at større politidistrikt vil gje betre resultat for befolkninga i Sogn og Fjordane totalt sett. Befolkninga i fylket vil kanskje få betre tilbod på nokre område i ein regionsmodell, men svekka tilbod på andre område. Ein av fordelane med å vere eit sjølvstendig politidistrikt er at vi kan prioritere dei utfordringar som eksisterer i Sogn og Fjordane. Vi trur at dette er årsaka til at politidistriktet leverer gode resultat på dei flestefagområde. I tillegg minner vi om at vi har mellom dei lågaste administrasjonskostnadane i etaten, jf figur 15.19 i analysen.»

Utdraget ovanfor syner altså at politifaglege vurderingar av analysen sine framlegg peikar på tilhøve som kan svekke tilbodet til innbyggerane i Sogn og Fjordane. Det uroar oss. Vi meiner at ei politidistriktsleing som skal både prioritere og ta avgjersler må vere nær

innbyggjarane. Det gir kjennskap, innsikt og forståing for dei problema som vert tatt opp av dei som treng tenestene.

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane (ALSF) flytta inn i nytt bygg i Florø saman med politiet i 2008. Motivasjonen for ei slik samlokalisering var å støtte kvarandre med tenester. Organiseringa i dag tar høgde for ein fleksibel ordning med kapasitet til å løyse hendingar med aktivitetsnivå over det normale. Det kan vere 4-5 operatørar på plass samtidig.

ALSF er den einaste staden, i tillegg til Drammen, der 110 sentralen er samlokalisert med 112 sentralen. ALSF har det siste av utstyr og framstår som ein av dei mest moderne i landet.

I analysen side 177 vert det lagt opp til at det skal vere 5-6 operatørar på operasjonssentralen i eit nytt distrikt. Korleis kan ein forsvare det når vi veit at dei fire distrikta i dag til ei kvar tid har 12 på vakt. Vi ser ikkje korleis ei slik halvering av kapasiteten kan gi sterke og robuste fagmiljø. Alarmsentralen og Operasjonssentralen til Politiet er viktige aktørar i kommunane si kriseorganisering. Vi ser med uro på at politiet og DSB legg opp til endringar som vi meiner kan svekke kapasiteten ved at dei blir flytta ut av fylket.

B. Organisering av lensmannskontor

Lensmannskontora er viktige for eit grisgrendt fylke som vårt. Vi ser at val av struktur også kan påverke talet på lensmenn. Dei same prinsipp som bør leggjast til grunn i vurderinga av politidistrikt, meiner vi også må gjelde når det gjeld lensmannskontora. Rett nok ser vi at utbygging av infrastruktur og vegsamband kan utløyse ei meir fleksibel haldning til endringar i denne strukturen, men nærleik er viktig.

Om ein vel å slå saman fleire lensmannskontor i Nordfjord er det fleire viktige faktorar som peiker i retning av lokalisering til Nordfjordeid. Dette føl av same argumentasjon som rundt tilhøva mellom operasjonssentral og alarmsentral i Florø:

- Fleire viktige offentlege tenester som politiet treng å samordne seg med er lokalisert til Nordfjordeid, og gjer at lokalisering av lensmannskontor vil vere rasjonelt og effektivt:
 - Nordfjord sjukehus inkl. psykiatri- og rusavdeling,
 - Felles legevakt og legevaktsentral for Nordfjord
 - Regionfunksjonar innanfor NAV, Skatteetaten og Statens vegvesen
 - Sentralarrest for Nordfjord
 - Jordskifterett og tingrettslokale
- Lokalisering av eitt felles kontor på Nordfjordeid (midt i Nordfjord-regionen) er einaste løysing som oppfyller krava i Politianalysen til breidde/storleik på fagmiljøet, og samtidig ikkje gir uforsvarleg lange reiseavstander i regionen kontoret skal dekke. Skal gjennomgripande endringar først gjerast, må det vere betre med eitt samla fagmiljø i midten av regionen framfor to mindre fagmiljø i kvar utkant i ei løysing som verken er "fugl eller fisk" når det gjeld nærleik og breidde/storleik på fagmiljøa.
- Eid lensmannskontor har utvikla ein samarbeidsmodell med ungdomsskule/vidaregåande skule som er unik, og har gitt oppsiktsvekkande gode resultat når det gjeld låg ungdomskriminalitet, høg debutalder for alkohol og samspel kommune/politi/skule.
- Det har dei siste åra vore ei prøveordning med regionlensmenn i Sogn og Fjordane politidistrikt. Nordfjord har då hatt éin regionlensmann, og vore handsama som éin region. Denne prøveordninga har fungert godt både internt i etaten og ut mot publikum, og er no gjort permanent

C. Overordna perspektiv

I eit overordna politisk perspektiv vil vi ta til motmæle mot den ukontrollerte og stadig sterkare sentraliseringa som skjer av statlege arbeidsplassar i fylket vårt, og som har gått særleg hardt utover Nordfjord. I Nordfjord er 10% av alle statlege arbeidsplassar blitt borte i perioden 2007-2011.

Skatt og toll er døme på andre statlege organisasjonsendringar der vi har mista arbeidsplassar dei siste åra. Vi ser at dette er eit generelt forhold som ikkje Politidirektoratet aleine kan ta ansvaret for, men vi spelar det inn i dei prosessane som kan påføre oss slike tap.

Vi har problem med å forstå at statlege etatar kan drive store omorganiseringar kvar for seg. Fleire hendingar dei siste åra har synt at behovet for koordinering mellom statlege etatar er stort. Det vert svært vanskeleg å få til denne koordineringa når etatane vel kvar sin måte å organisere seg på. Dette burde vore løyst i ein samordna forvaltningsreform, der ein like mykje ser på mulighetane til å desentralisere og flytte makt og oppgåver nedover, som til stadig sentralisering av oppgåver innanfor staten.

Konklusjon:

1. Sogn og Fjordane må haldast oppe som eige politidistrikt.
2. Ein bør primært halde på hovudtrekka i dagens desentraliserte struktur for lensmannskontora, med lensmannskontor i ytre, midtre og indre Nordfjord. Om ein ynskjer å slå saman fleire lensmannskontor i Nordfjord etter prinsippa nedfelt i Politianalysen, peikar Nordfjordeid seg ut som det naturlege alternativet for lokalisering av eitt felles Nordfjord-kontor, på grunn av behovet for koordinering med andre statlege etatar og sentral plassering i regionen.
3. Ein politireform bør prinsipielt sett leggst på is fram til det er gjennomført ein samla, koordinert forvaltningsreform der organisering av ulike stategiske etatar blir sett under eitt.

Med helsing

Alfred Bjørlo
Ordførar
57885897